

Kulturminne i Nord Aurdal

Stadnamn	Stad	L.nr	K.rute	G. nr	Br.nr	Kategori	Merknad
Asbj. Ranums eftf.	Ulnes	7	C6	0	0	Bygningar	Lokal landhandel frå 1882. Jubileumshefte av J.B. Jahnes 1992.
Aurdal kyrkje	Aurdal sentrum	48	F8	0	0	Bygningar	Bygd i 1737. Kyrkja er lafta men bordsydd utvendig. Huset er godt beskrevet i "Aurdalskyrkja" av Ivar Aars.
Aurdalsbyen		49	F8	0	0	Spesielle stello	Aurdalsbyen var den fyrste bygdebyen i Valdres. Her var Prost, sorenskrivar, lensmann, distriktslekjar, apotek, skysstasjon osv. Etter at jernbanen kom til Nes, vart Fagernes hovudstaden i Valdres.
Bekkekryssgølv	Grøslia	85	E5	0	0	Danseplass	Var dansegolv. I bruk frå Krigen til ut på 10-talet. Spelemenn: Tore Haugen, Knut Bakke, Helge Holdal, trekkspel.
Bilehusknatten	Opp av Kjørli	78	D6	0	0	Danseplass	Truleg i bruk frå vegen kom her i 1860 og til 1940. Men var i bruk som samlingstad, særleg pinseftan, fram til 1960-åra. Spelemenn: Erling Holdal, Ola Myhrvold, Nils Låksrud og Olav Brenna.
Bløytjednsagé		62	E9	0	0	Sagbruk	Gamal sag framleis i bruk
Danseféten på Kruk	Kruk/Hibakk	79	F6	0	0	Danseplass	Her hadde stølslaget sin årlege fest med koseleg samver, stølskost, leik og dans.
Elggravitn	Elvesenn-Skruvedalen	32	E2	0	0	Jakt	Ei rekke graver ved Elvesenn og Skruvedalen.
Fiskeslør	Osen Sæbufjorden	35	D7	0	0	Fiske	
Flatåker	Ulnes	4	C7	0	0	Bygningar	Garden der Ola Fladager vaks opp. Her er restar av dekorasjonane hans på stabburet.
Frydenlund	Ved gamlevegen	46	F8	0	0	Bygningar	Godt restaurert skysstasjon med godt beskriven historie.
Gamle fengslet	Aurdal	41	E8	0	0	Bygningar	Bygd som fengsel i 1867. Frå 19 ombygd til pensjona. Valdres gjestgard.
Gamle Kongevegen	Fløafjorden - Hallingdal	63	E10	0	0	Samferdsel. (Vegar, bruer,	Gjekk frå vadet ved Galtin i Fløafjorden, opp Åbjør, Nitbakkatn, vestover forbi Haugrud, om Bløytjern, over Øystølatn og til vadet ved Fløta (neddemd elvstubb mellom Ølsjøen og Bløytjern), eks. bilveg og so nedanfor Flubergmyra, anten ved Eivasstølen eller opp langs Åkerson til Kvitingen. Kryssar Sør-Aurdalsgrensa ved Gullringbekken.
Gamlevegen.	Solvang-Søreistunet	45	F8	0	0	Samferdsel. (Vegar, bruer,	1. Søreistunet med hus frå fleire gardar. Gardsklokke.
Glennetind		76	D7	18	3	Danseplass	Gamaal samlingsstad som spesielt var brukt pinseftan og underhalningen var trekkspel og fele.
Grandadn	Ned for Ulnesbrua	17	C7	0	0	Spesielle stello	Våtmarks- og fuglefredingsområde i Ulnes. Verneverdig i regional samanheng som verneområde for våtmarksfuglar. Fuglane kan ein sjå på dei store bankane om våren før Strøndafjorden er fylt opp til sine naturlege breidder.

Gribbé	Flæitn	60	D9	0	0	Spesielle stello	Fjell 1057 m o. h. Høgste punktet på dei vide Flæit'n. På ei plate her er avmerka retningen til kjende fjelltoppar i Jotunheimen og Hallingdal.
Grindasletta	Grøslia	83	E5	0	0	Danseplass	Brukt fram til 1940. Då rauk Heimbygdingar og etndøler opp i eit veritabelt slagsmål her. Etter det, vart det slutt på festane her.
Grushaugen	Ranheimsbygde	73	E7	210	7	Danseplass	Fyrste danseplassen i Ranheimsbygde Brukt til 1911.
Helgasteinen og Jutulhatten	Graneisfjorden	6	C6	0	0	Spesielle stello	Desse er knytt til segnene om jomfruene som bygde Ulneskyrkja.
Helleslettféten	Skrautvål sameige	87	F3	0	0	Danseplass	Brukt i uminneleg tider. Under utbygginga av Dokka-Etna var det store tilskipingar to år etter kvarandre. Dei har prøvd å få til st. Hans feiring her i det siste, men dårleg ver har sett dempar på det. Spelemenn: Mange spelemenn som Tore Haugen, Knut Bakke, Erling Holdal. I 40-åra spelte Even Stenseth. Han kom i båt frå Kalvan til Sløøya og gjekk derfå med det tunge spelet sitt.
Hilmisberget		9	C7	0	0	Spesielle stello	Heimstaden til meisterspelemannen Jørn Hilme (1778-1854). Hustuftene er rydda. Minnestein og informasjonstavle sett opp av Ulne og Svenes historielag.
Huvustuphaugen	Høldal	77	D6	3	1	Danseplass	Truleg i bruk frå vegen kom her i 1860 og til 1940. Men var i bruk som samlingstad, særleg pinseftan, fram til 1960-åra. Spelemenn: Erling Holdal, Ola Myhrvold, Nils Låksrud og Olav Brenna.
Ivarshaug	Bælgji	3	C6-7	0	0	Spesielle stello	Truleg gravhaug. På toppen ei byste av billedhoggar Ole Flatager (1832-71) frå Ulnes. Bysta reist etter initiativ av Valdres Historielag. 17. mai toget i Ulnes startar alltid på Ivarshaug.
Jygerlaugutn	Kvitingen	54	E10	0	0	Jettegryte	Tre store jettegryter som ligg i eit spesielt vilt landskap. Elva har ein gong teke nytt løp slik at grytene no ligg ved den stille og lyse enden av Kvtingen. Ein times tur frå Kinn langs fjorden. Ein og ein halv time frå parkeringsplassen ved Kvtingen.
Karihuskampen	Ved karihús	37	E7	0	0	Spesielle stello	
Kilingøynadn	Røssjøen	38	H4	0	0	Buseting/tufter	Her bøgahi og merker etter steinalderbusetnad.
Kinn fjellgard	Ova Kvtingen	53	E10	0	0	Buseting/tufter	Ved Kongsvegen som går til Sør-Aurdal. Garden ligg i lia opp for Kvtingen. Fleire åkerreiner viser.
Kinna	Åbjøra	51	E8	0	0	Jettegryte	Ei av dei mange jettegrytene i Åbjøra. Ein kan i tørkeperioder, gå ned i elva og sjå korleis vatnet vedhjelp av stein og sand har skura ut små og store gryter.
Kjempehaugen på Strønd.	Ved riksvegen.	12	D7	0	0	Gravrøyser/Haugar	Bautastein på toppen. Vidrik Verlandson skal vera gravlagd i haugen.
Kraftverket	Nordåkelva	42	E8	0	0	Elv/bekk	Verket er framleis i drift og forsyner garden Nordåk med elektrisk energi.
Krigsminnestein	Ulnes skule	19	C7	0	0	Merke etter Krigen	Reist til minne om dei tre hordalendingane som fall der i dei harde kampane mok tyskarane 30. april 1940, siste kampdagen i Valdres. Falne: Håkon Sigvald Nytnun, Bruvik, Sigmund Sjurson Helegland,

							Voss og Harald Sollesnes, Strandebarm. Reist av ULnes og Svenes histlag på 50-årsdagen i 1990, der det var mange veteransoldatar frå Vestladet tilstades. Skuleborna legg ned krans der kvar 17. mai. Om kksampane står det i Årbok 1990.
Kunten	Leira	71	E7	85	2	Danseplass	Gamal danseplass i bruk til ca 1950. Spelemenn: Andreas hauge, fele, Olav Hauge, fele og Georg Kildedalen og Tidemann Haadem trekkspel.
Kvednadokke		74	D7	21	3	Danseplass	Brukt frå 1911 ei periode og 1940-47. Spelemenn: Olaf Brenna, Lars Skogheim og Reidar Nythun.
Kviteberg	Ved Fagernes	40	D7	0	0	Minne etter gardsdrift	Her er tufter etter husmannsplass. Orienteringstavler er oppsett.
Kyrkjesletta	Dalen	39	F5	0	0	Samferdsel. (Vegar, bruer,	Frugevegen var den gamle kongsvegen mellom Oslo og Bergen som gjekk over Hanakneet- Kvamsvegen- Filefjell.
Kyrkjetuft.	Åbol	34	D6	0	0	Buseting/tufter	Det sto kyrkje her på Åbolsjordet. Tufta syner.
Kyrkjevegen	Etnedal-Skrautvål	33	D6E5	0	0	Samferdsel. (Vegar, bruer,	Vegen er rydda dei siste åra. Dette er kyrkjeleia som har vore nytta i uminnelege tider. Nord-Etnedal sokna til Skrautvål i gamal tid. Det er også ei Heilag Olav kjelde etter leia. (25).
Kølgropitn	Vestringsbygda, Bøamoen	61	E8	0	0	Skogsdrift. Kol/tjørebrenni	Her er fleire store kolgroper
Kølladn	Vestsida i Ulnes	15	C7	0	0	Buseting/tufter	Gamal fråflytt gard høgt oppe i åsen på vestsida i Ulnes. Fastbuande til 1982.
Lauvhaug	Etnsenn, vest	88	G4	0	0	Danseplass	I bruk frå ca 1900. Dette er ei grasvokst slette på ei Halvøy.
Minnesteinen	Svenes	11	C7	0	0	Spesielle stello	Minnestein over Svenes stavkyrkje og Svenesfunnet reist av Ulnes og Svenes historielag. Stavkyrkja vart riven i 1702. Ei tømmerkyrkje vart sett oppatt i 1735 og flytt til Strønd i 1860. Svenesfunnet er det største depotfunnet frå eldre bronsalder i Norge, med ein sigd og meir enn 20 spydspissar av bronse. Funnet er på Oldsakssamlinga ved Universitetet i Oslo.
Naustadhaugsletta	Grøslia	84	F5	0	0	Danseplass	I bruk frå ca 1900 og oppover, mest under krigen. Spelemenn: Knut Haugen og Knut Bakke trekkspel. Johan Kjølbråten, durspel. Tore Ødegården, fele. Truleg også spelemenn frå Juvika like ved
Nylende	Stokkebryn	75	D7	0	0	Danseplass	Brukt før 1940.
Olavskjelda	Varpet	25	E6	0	0	Spesielle stello	Ligg ved Varpet langs kyrkjevegen frå Steinsetbygda til Strauvål. Nor-Etnedal sokna til Skrautvål i gamal tid. Veg er rydda stykkevis.
Ormhamar bru	Tisleidalen	58	D10	0	0	Samferdsel. (Vegar, bruer,	Steinbru frå 1912. Brua måtte byggast høg og kraftig grunna den store isgangen i Tisleia. Står no som eit gjævt kulturminne ved sida av nybrua frå 1980.
Ryeberget	Rye	14	C7	0	0	Vardar/Vardepunkt	800 m over havet. Var vardepunkt her, der det stod trevarde som vart tend på for å varsle ufred. Varden vart gjenreist av Ulnes og Svenes historielag i 1987. Stemplingkasse for "Vardevandring i Valdres" .

							Merka veg frå Hovrudbygda.
Røllongloftet	Røllong	5	C6	0	0	Bygningar	Gamalt loft (stabbur) på Røllong. Alder uviss.
Sinderlie (Merket)		55	D10	0	0	Buseting/tufter	Her var det fast buesetnad. Ole Tidemandsen Merket (1773-1852) hadde to mil til kyrkje. Soleis etablerte han eigen gravplass på garden. Den er no verna.
Skjénaløk (Limøvn`)		80	F6	20	13	Danseplass	
Skrindaféten	Steinsetfjorden	81	F5	0	0	Danseplass	Svært mykje brukt danseplass med golv som vart fornya siste gongen i 1967. Spelemenn: Levald steinsli, Helge Higdem, fire Grønbrekkarar, to Nythun, tre Skrindsrud -karar, Alfred Bråten fele, to blad Stenseth, Lars Hagaseth. Dette er vel den plassen som har vore mest brukt i nyare tid. På 1980-talet vart det brukt musikk frå kassett og bil.
Solabu.	Ulnessøyne.	18	C7	0	0	Bygningar	Gamalt verneverdig ungdomslagshus. Kjærnen i huset er det gamle militære telthuset i Ulnes.
Steinde	Ulnes vest	16	C7	0	0	Bygningar	Var kapteinsgard for Valdreske kompani.
Strøndafjorden		13	CE67	0	0	Fiske	Ligg omlag 350 m over havet. Er 15 km lang frå Leira til Fossheim i Vestre Slidre. Rutebåten Falken gjekk her i fast rute mellom Fagernes og Fossheim i åra 1906-21.
Stølhaugen	Fodnesåsen	10	D6	0	0	Spesielle stello	Høgste punktet på Fodnesåsen. Gamalt utsiktstårn.
Stølvidda	Vaset-Tisleidalen	24	D10	0	0	Stølsdrift(Nedl.støl, vegar	Stølsområde med mange støslag i Ulnes sameige. Rognåsstølen ved Langestølen tek imot besøk og serverer stølsmat.
Sundheimselva	Vaset-Ulnes	20	B7	0	0	Elv/bekk	renn frå Vasetvatnet til Strøndafjorden. Mange fine fossefall og bratte juv. Rester av sagbruk og kværner. Segnhistorier.
Svenes kyrkje	Strønd	2	D7	0	0	Bygningar	Sveneskyrkja frå 1200-talet vart riven i 1702. Ei ny tømra kyrkje vart innvigd i 1735 og flytt til Strønd i 1860. Kyrkja er skildra i bok frå 1985 av Jahn Børe Jahnsen.
Svenningsletta	Grøslia	86	E6	0	0	Danseplass	Var dansegolv. I bruk frå Krigen til ut på 10-talet. Spelemenn: Tore Haugen, Knut Bakke, Helge Holdal, trekkspel.
Syne	Fjelltopp vest av Ulnes	21	B8	0	0	Spesielle stello	Fjelltpoo med flott utsyn, 1137 m o. h. Det gamle heimåsgjerdet går rett under toppen. Lett å nå frå Vaset og frå bomvegen i Ulnes sameige.
Søreishaugadn	Sørei	44	F8	0	0	Buseting/tufter	Tuft etter kyrkje ca 1537-1737.
Sørhus kyrkjetuft	Sørhus	26	E7	0	0	Buseting/tufter	Det sto kyrkje her. Tuftene syner.
Sørre kyrkjesletta	Dalen	82	F5	0	0	Danseplass	Brukt fram til 1940. Då rauk Heimbygdingar og etndøler opp i eit veritabelt slagsmål her. Etter det, vart det slutt på festane her.
Tapptjernbua	Grensa til Gausdal	31	H3	0	0	Merke etter Krigen	Oppsett på grensa til Gausdal Vestfjell av bygdeungdomen. Minnesmerke over dei falne i krigen 1940-45.
Tingstogo-Prestgarden	Etter gamle vegen	47	F8	0	0	Bygningar	Mange gamle interessante hus i sveitserstil.
Tisleidalen		57	D10	0	0	Stølsdrift(Nedl.støl, vegar	Tisleidalen har ei blanding av fast buesetnad, støls- og turistverksemd. Godt utbygd vegnett og rikeleg med skiløyper vinterstid

Tisleidalen kyrkje	Tisleidalen	56	D10	0	0	Bygningar	Teikna av arkitekt Carl Stenersen og vigsla i 1958. Grunn, materialar, utstyr og mykje arbeid vart gjeve av bygdefolket.
Tjøreomnen til Flubergen.	Ølsjøen	52	E10	0	0	Skogsdrift. Kol/tjørebrenni	Ruin etter ein oppmura tjøreomn i strandkanten av Vestre Ølsjøen.
Torvutvinningsanlegg	Måno- Raneisåsen	36	F7	0	0	Ymse industri	
Ulnes kyrkje	Ulnes	1	C7	0	0	Bygningar	Steinkyrkje frå Mellomalderen, bygd omlag 1265. Både romansk og gotisk stil. Fleire gjenstandar frå mellomalderen. Veggmåleri av Ola Hermundson Berge frå 1790-åra. Prekestol 1790. Dåpsengel 1792 og 1865 (den siste av den kjende Ole Flatager). Aletartavla frå 1850 laga av brdr. Andris og Halvor Person Rye. Minnestein ved kyrkjeporten frå 750-årsjubileet i 1995 med namnetrekket til Kong Harald 5. Sjå bok om kyrkja av Jahn Børe Jahnsen (1995).
Valdres folkemuseum	Museet	72	D7	0	0	Danseplass	Gamal danseplass der museet er i dag. Vart utvida i 1930 til Noregs Undomslags stemne. No dansegolv og Slidrehuset. Mykje brukt til å spela var Georg Månums orkester.
Valtdnknatten	Valtdnstølen	22	B8	0	0	Spesielle stello	Flott utsiktspunkt.
Vangen.	Nedafor Ulneskyrkja	8	C7	0	0	Spesielle stello	Halvøy i Strøndafjorden der ein trur det opphavelig ulveneset var. Her hadde ulvane vegen sin over isen vinterstid. Vangen er scene for Ulnesspelet "Heidendom og heilagtru", som har vore spela kvar sumar av folk frå Ulnes sidan 1992.
Vardeberget	Hjelle	43	F8	0	0	Vardar/Vardepunkt	Tre kvarter gange frå sentrum. Varden var nedrotta men er no gjenreist. Her er planlagt sett opp ei orienteringstavle over gardane i Vestringsbygda, som viser samanhengen mellom gardnamn og utviklinga i bygda.
Vasetdansen	Tisleidalen	59	D10	0	0	Danseplass	Gamal danse- og samlingsplass for hallingar og valdrisar summerstid. Her kunne det gå hardt for seg i gamledagar. Campingplass no.
Vassvikhaugen	Etnsenn, aust	89	G4	0	0	Danseplass	Ei grasslette midt på ei øy. Ein kunne vasse tid, men dei fleste tok båt. Var i bruk fram til krigen. Ola Lyseng fortel at far hans, Ola O. Lyseng, hadde ein einrader som han kunne ein springar på. Var det ingen annan, tok dei til takke med di. Men mange andre spelte nok der, m.a. Henrik Volden på fele.
Våtmarksområdet	Vaset-Tisleia	23	B9	0	0	Spesielle stello	Tindulvo, Gauklitjedne, Hestedekkadn, Flæin. Ornitologisk inetessant område mellom Vaset og Tisleidalen med uvanleg stor artsrikdom av fuglar.
Åbjøra kraftverk.	Sunnvollen	50	F89	0	0	Elv/bekk	Vart anlagt i 1950-åra. Dammen er ved Bløytjern, kraftstasjonen ved Sunnvoll.

